

**Fra:** hoyring@hfk.no

**Sendt:** 18.09.2014 09:19:01

**Til:** Hordaland Fylkeskommune - Postmottak

**Kopi:**

**Emne:** Høyringsuttalelse regional kulturplan referansenr. 2014/1442

**Vedlegg:**

Pa\_vegner\_av: Stiftelsen D/S Stord I

Postadresse: Postboks 1740

Postnummer: 5816 Bergen

Innsendar: Harald Kvinge

e\_post: harald.kvinge@hsh.no

Uttale: HØYRINGSFRÅSEGN TIL REGIONAL KULTURPLAN FOR HORDALAND

FRÅ STIFTELSEN D/S STORD I

Fråsegna har teke utgangspunkt i fokuspunkt i høyringsbrevet og handlingsprogrammet så langt det høver.

Om forståing/misforståing av bruk av omgrep:

Kulturomgrepet vet oppfatta som overordna omgrep.

I handlingsprogrammet er målformuleringar spissa mot «kultur- og idrettsfeltet» i ein del tilfelle. Vi har i vår fråsegn inkludert «kulturminnevernet/fartøyvernet» når det har vore naturleg ut frå saksfelt og vår vurdering.

Innleiingsvis vil vi visa til «Visjon og mål» for prosjektet D/S Stord I:

«Opplevelsesskipet D/S Stord I

“D/S Stord I skal gjenoppbygges for å bli et attraktivt reise- og opplevelsestilbud for Vestlandet. En maritim kulturskatt skal bli levende og kalle frem minner fra en 100 årig epoke i rutebåttrafikken i vårt distrikt.

Å være om bord skal i seg selv være en opplevelse. Passasjerene skal bli deltagere i reisen. Skipets indre liv skal betraktes på nært hold: maskinen, broen, salongene, byssen..... Naturen er nær om bord i skipet. På dekket - i sommersol ogbris eller i piskende regn og vind.

Ta tiden tilbake - mot fortid og nåtid.”

Dette sitatet er "Mål og visjoner" i presentasjonsheftet som ble laget om Stord I-prosjektet i 1999. Og nå er vi der! D/S Stord I gikk noen dager i turistrute på Sørfjorden i Hardanger sommeren 2013. Tilbakemeldingene vi fikk fra passasjerene, både norske og utenlandske, var nettopp dette at de opplevde ”skipets indre liv....”

Stiftelsen har følgende planer for driften av D/S Stord I:

Opplevelsesturer i forbindelse med festivaler.

Opplevelsesturer/åpne tuer i samarbeid med museale institusjoner.

Opplevelsesturer/åpne tuer i samarbeid med reiselivet.

D/S Stord I brukt i firmaprofilering for næringslivet og som konferanseskip.

Opplevelsesturer/åpne turer/besøk om bord for pensjonistforeninger, skoleklasser/”leirskole” m.v.

Målet med driften, som er dugnadsbasert, er å treffe mest mulig publikum for å vise frem ”Stord I” som et maritimt kulturminne som kan karakteriseres med følgende sitat fra boken ”Norske skip” av Jon Winge (Schibsted Forlagene 2006):

”D/S Stord kan stå som en representant for den mest ferdig utviklede fjorddamperen, en type som var gjeldende helt til ”sjøbussene” kom på slutten av 1930-tallet”.

D/S Stord I er det største restaurerte damp-passasjerskipet i Norden og representerar m.a. dei mange langruteskipa som trafikkerte Vestlandet med utgangshavn Bergen.

Stiftelsen har som mål å gi folk ei maritim kulturhistorisk oppleveling om bord i D/S Stord I ved å tilby turar i tidligare rutedistrikt. Samarbeid med det regionale nivået innan kulturminnefeltet er nødvendig for at ideen med skipet kan realiseres til glede for den maritimt interesserte kystbefolkinga i vårt distrikt!

#### HØYRINGSFRÅSEGN TIL AKTUELLE PUNKT I HANDLINGSPROGRAMMET

Innsatsområde 4: Digital allmenning

Fartøyvernet står sterkt i Hordaland med landets største veteranskipslåte som er tufta på frivillige lag og organisasjoner. Dei fleste organisasjonane har digital formidling om sin båt og aktivitet.

For fartøyvernet vil det vera ein styrke å få digital kunnskapsbase av høg kvalitet med omsyn på det kulturminnefaglege område og på det praktiske maritime fagområd knytta til det å eiga og driva veteranskip.

Den digitale allmenningen må også dekka kulturminnevernet/fartøyvernet.

Det er ønskjeleg at tiltaket vert høgt prioritert av omsyn til rekruttering til frivillige lag og organisasjoner.

Innsatsområde 7. Frivillighet

Prosjektet istandsetjing av D/S Stord I til veteranskip har vore drive sidan 1981. Prosjektet har vore avhengig av tilskot frå det offentlege og private. Ingen gjevarinstansar har vore forplikta til å yta årlege summar. Dette har skapt problem for planlegging og gjennomføring. Prosjektet har teke opp lån for å bøta på manglende føreseielege rammer for slik å halda kontinuitet i arbeidet.

D/S Stord I er no i drifts- og vedlikehaldsfase. Skipet har passasjersertifikat for 99 passasjerar.

Målet om føreseielege rammevilkår er viktig og vil forenkla arbeidet til dei frivillige.

Føreseielege rammevilkår er ein nødvendig føresetnad om D/S Stord I til dømes skal planleggje opne turar for allmenta og/eller inngå i verdiskaping saman med offentlege- og frivillige kulturinstitusjonar. Det legg til rette for positive synergieffekt i slikt samarbeid både på kulturminneområdet og det økonomiske området.

Tiltak B: Prøva ut modellar med auka profesjonell tilrettelegging av frivillig arbeid innan kultur og idrettsfeltet. Her bør kulturminne/fartøyvern koma i tillegg.

Båtfestivalar, i Bergen og andre stader i Hordaland, bør vera aktuelle arrangement for å prøva ut modellen.

## 8. Kulturbasert næringsutvikling/kulturnæringer

Stiftelsen D/S Stord I har m.a. slike planar for bruk av D/S Stord I:

«Opplevelsesturer i forbindelse med festivaler.

Opplevelsesturer/åpne tuer i samarbeid med museale institusjoner.

Opplevelsesturer/åpne tuer i samarbeid med reiselivet.

D/S Stord I bruk i firmaprofilering for næringslivet og som konferanseskip.

Opplevelsesturer/åpne tuer/besök om bord for pensjonistforeninger, skuleklasser/"leirskule" m.v.»

Veteranskipet «Stord I» er 101 år gammalt og har frivillig mannskap. Føresetnadene er ikkje til stades for å gå tungt inn i kulturbasert næring. Skipet kan derimot vera eit supplement og medaktør i mindre omfang i kulturbasert næring som eit ikon/symbol. Dette gjerne ved å gå avgrensa tal opplevelsesturar knytt til museale institusjoner og festivalar.

Målet om at kulturnæringane skal ha tilgang til næringspolitiske verkemiddel og støtteordningar er bra. Men det bør og vera verkemiddel og støtteordningar for kulturbasert næring drive av frivillige organisasjonar, gjerne i samarbeid med andre.

## 10. Samhandling mellom private og offentlige aktørar.

Premissane til dette innsatsområdet omhandlar kultur- og idrettsfeltet.

Tiltak for samhandling bør også omfatta kulturminnefeltet/fartøyvernet.

## 11. Kulturregion Vestlandet.

Det er ein kritisk faktor for veteranskipslåten at han i hovudsak er basert på frivilligheit. Dei regionale forvaltningsnivåa bør sjå si rolle som støttespelarar til drift og vedlikehald av flåten.

Kystkulturen kan best visast gjennom samarbeid mellom dei offentlege musea og den frivillige veteranskipslåten!

Samarbeid om det beste som finnast i «Kulturregion Vestlandet» på området, burde kunna gi grunnlag for unike kulturopplevingar og kulturbasert næring.

Vestlandsfylka har ein unik og omfattande veteranskipslåte. Denne maritime kulturarven bør vera sentral i «Kulturregion Vestlandet».

## 13. Verkemiddel og støtteordningar

Mål:

1. Det skal vera god samordning av verkemidla frå ulike forvaltningsnivå.

2. Fylkeskommunale verkemiddel og støtteordningar skal vere innretta i høve vedtekne regionalpolitiske mål, ha føreseielege kriterium og ta omsyn til kulturlivet sine behov.

Tiltak B: Evaluering av mottakarar og søkjrarar til driftstilskot på basis av fylkeskommunale kriterium.

Tiltak C: Tilpassing og vurdering av nye fylkeskommunale tilskotsordningar i samsvar med målsettingane i Regional kulturplan.

Vidare arbeid med desse tiltaka skal skje i samarbeid med partnarar.

Tiltaka er viktige og vil få konsekvensar for fordeling av støttemidlar. Vi vil peika på at organisasjonar innan kulturminne/fartøyvern må vera representert som partnar under tiltaka B og C.

## 15. Dokumentasjon

Mål:

Styrke dokumentasjon for auka kunnskap om kulturminne og samanhengane dei er del av.

Fartøyvernet er eit ung kulturminneområde og dokumentasjonen om fartøya og det samfunnet dei var ei del av kan sikkert bli meir systematisk og betre.

Generelt treng frivillig sektor støtte og vegleiing frå kompetente faglege miljø for å utføra restaureringsarbeid og vedlikehald på antikvarisk rett måte. Hardanger Fartøyvernsenter er eit godt døme på fagleg miljø som har ein del dokumentasjon og har kunnskap til å rettleia innan fartøyvernet.

Vi ber om at registrering av maritime kulturminne vert likestilt med registrering av landbaserte kulturminner.

## 18. Utvalde kulturminnekategoriar

Mål:

Kulturminnekategoriar der Hordaland merkar seg ut skal gjevast særskild merksem i planperioden.

Vi merka oss at «kystkulturen og fartøy» er kome med blant kulturminnekategoriar som skal gjevast særskild merksem i planperiode. Det er positivt!

## 20. Lokalt kulturminnevern og museum.

Mål:

Det lokale kulturminnevern- og museumsarbeidet skal styrkast.

Riksantikvar Jørn Holme har uttala:

«Kulturminner er som tomme hylstre uten historiene. Historiene om oss, historien om menneskene i tilknytning til husmannsplassen, maskinanlegget eller fartøyet, må fortelles sammen.»

Frivillig sektor er viktig i mange samanhengar for å ta vare på kulturminne og å ta desse i bruk.

Gjennom bruk er det krevjande å få til ei god formidling om:

-- Historiene om oss, historien om menneskene i tilknytning til husmannsplassen, maskinanlegget eller fartøyet, må fortelles sammen.

Stiftelsen D/S Stord I vil bruka «Stord I» som opplevelingsskip og så langt råd er gjenskapa miljøet slik det var om bord då båten gjekk i rutetrafikk. Eit samarbeid med musea ser me for oss kunne vera nyttig for å få fagleg kompetanse til å utvikla gode konsept for ulike «gjenskapte opplevelingsturar».

Ei god formidling om kulturminne/fartøy vil vi tru kan fremjar rekruttering til frivillige lag og organisasjonar.

Bergen, 18. september 2014

For Stiftelsen D/S Stord I

Arne Sundal

Leiar

Harald Kvinge

Sekretær